

Politisk frivillighetserklæring

- Eit styrka samarbeid mellom kommune og frivillige lag- og organisasjonar



Luster kommune

2024 - 2028

Innhald

1.0 Bakgrunn	3
2.0 Prosess	3
3.0 Kvifor er det lurt å ha god politikk for frivilligheita?	4
3.1 Føremål med erklæringa	4
4.0 Tiltak og ansvar	5
4.1 Dialog	5
4.2 Tilskotsordningar	5
4.3 Kompetanse	6
4.4 Samarbeid om felles interesser i lokalsamfunnet	6
4.5 Rekruttering	6
4.6 Lokale	7
4.7 Oppfølging av erklæringa	7

«Det skal vere enkelt å starte og drifte ein frivillig organisasjon i Luster. Kommunen vil legge til rette for forutsigbarheit, og at organisasjonane brukar minst mogleg ressursar på byråkrati og rapportering, slik at dei får meir tid til sine kjerneaktiviteter.»



1.0 Bakgrunn

Eit av satsingsområda i [Luster kommune sin samfunnsplan 2022 - 2024](#) er «Aktiv heile livet» med mål om at kommunen skal ha «Gode tilbod av kultur, fritidsaktivitetar og læringsarenaer som motverkar utanforskap og fremjar psykisk helse», og at «det frivillige organisasjonslivet i Luster kommune har gode rammevilkår, er kompetent og samkøyrd».

Vidare står det at kommunen skal «opprette frivillighetserklæring og vere pådrivar for å skape tettare samarbeid mellom frivillig sektor, kommunen og næringslivet» og «ta initiativ til dialog med eit breitt utval frå frivillig sektor om korleis utfordringar rundt rekruttering og samordning kan løysast betre». Etablering av Luster kommune sin frivillighetserklæring er godt forankra i planverket.

Det er fleire sentrale føringar på at kommunane bør utarbeidar ein frivillighetspolitikk. Mellom anna: [Regjeringa si Frivillighetserklæring](#) og [KS og Frivillighet Norges Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor](#). Også [Stortingsmelding nr. 10 \(2019\)](#) «Frivilligheita-sterk, sjølvstendig mangfaldig» og [Stortingsmelding nr 15 \(2018\) leve heile livet](#) understrekar dette.

2.0 Prosess

I samarbeid med Frivillighet Norge inviterte kommunen lag og organisasjonar til kveldskonferanse hausten 2022 for å få innspel til Frivillighetserklæringa. Det møtte om lag 70 personar frå ulike lag- og organisasjonar. Hausten 2023 blei det gjennomført ein digital kartleggingsundersøking der lag og organisasjonar i kommunen vart invitert til å svare. Undersøkinga blei gjennomført av Rambøll i samarbeid med Frivillighet Norge. Sjå rapportane her: [Anbefalingar frå kveldskonferansen](#) og [kartlegging av frivillige lag og organisasjonar](#).

«Innbyggjarane i kommunen er vår viktigaste ressurs og i Luster kommune er det mange frivillige. Den frivillige innsatsen er avgjerande for å skape gode lokalsamfunn. Eit godt samspel mellom kommunen og frivilligheita er nødvendig for å møte dei utfordringar og moglegheiter som følgjer samfunnsutviklinga»



3.0 Kvifor er det lurt å ha god politikk for frivilligheita?

Veldig mange av oss deltek i frivilligheita. [Frivillighetsbarometeret](#) viser at deltakinga har vore jamt over 60% dei siste åra, med unntak av koronaåra 2020 og 2021. I følge SSB er 78% av befolkninga medlem i minst ein organisasjon, og 48% av befolkninga er medlem i minst to organisasjonar. [Innbyggjarundersøkinga 2021](#) viser at dei som deltek aktivt i sivilsamfunnet er meir tilfreds med tilværet enn andre. Samtidig skapar frivillig innsats [enorme](#) verdier for samfunnet vårt.

For at frivilligheita skal kunne bidra meir må kommunen legge til rette for et godt samarbeid på frivilligheitas premisser. Så godt som alle kommunar har en næringspolitikk for å skape vekst og utvikling i det lokale næringslivet, men få kommunar har utvikla en frivilligheitspolitikk.

Deltaking i frivilligheita gir menneske moglegheita til å realisere interessene sine og til å bidra til nærmiljøet. Frivillige organisasjonar gir menneske følelse av lokal identitet, tilhørslse, fellesskap, de skaper gode og inkluderande lokalmiljø og styrker demokratiet.

3.1 Føremål med erklæringa

Frivillighetserklæringa representera Luster kommune sin frivilligheitspolitikk. Den inneheld grunnleggande prinsipp og overordna målsettingar for kommunen sin samhandling med frivillig sektor. Målet med erklæringa er å lage eit fundament for eit forutsigbart og konstruktivt samarbeid mellom partane.

Dei 10 boda for frivilligpolitikk

Luster kommune vil så langt som råd leggje dei ti boda for frivilligpolitikk utarbeidd av Frivillighet Norge til grunn for sitt arbeid.

- Kjenne frivillig sektor i kommunen
- Frivilligpolitikken skal gjelde alle kommunale sektorar
- Anerkjenne eigenverdien ved frivillig arbeid
- Forenkling gjer meir frivillig innsats
- Leggje til rette for at lag og organisasjonar kan nå eigne mål
- Skape dialog med frivillig sektor gjennom faste kontaktpunkt og opplæring
- Anerkjenne og støtte opp om meirverdien ved frivillig verksemd
- Gje frie midlar
- Ikkje konkurrere med frivillig verksemd
- Skape føreseielege rammer for frivillig arbeid



4.0 Tiltak og ansvar

4.1 Dialog

Det er frivilligheita som er ekspertar på frivillig innsats, lokal mobilisering og engasjement. Kommunen vil leggje til rette for auka medverknad i frivillig sektor i samhandling med kommunen. Dette vil bidra til gjensidig læring og demokratiutvikling, betre kvalitet og gje breiare eigarskap til politiske vedtak.

Tiltak – dialog	Ansvar
- Etablere frivilligheitskoordinator og koordinator for inkludering av barn og unge i fritidsaktivitetar «ei dør inn». For å få fleire barn og unge med i fritidsaktivitetar har kommunen utarbeida dette tiltakskortet .	Alle
- Legge til rette for både formelle og uformelle møter mellom frivillig sektor og kommuneadministrasjonen.	Kommune
- Samarbeid med frivilligheita blir tatt inn som eige tema i tertialrapportar og/eller årsrapport for einingane.	Kommune
- Lag og organisasjonar blir oppfordra til å ha egne oppdaterte nettsider, samt å legge ut sine aktivitetar på Friskus Luster . Det er sett krav om registrering av aktivitetar på Friskus for dei som søker kommunalt tilskot.	Lag- og organisasjonar
- Etablere eit system der ein får oversikt over organisasjonane i kommunen. Organisasjonane må sjølve legge inn og redigere ved behov. Døme på oversikt her .	Kommune/Lag- og organisasjonar
- Ulike einingar som oppvekst, NAV, helsestasjon og flyktningetenesta i kommunen brukar Friskus til å informere om aktivitetar i kommunen.	Kommune

4.2 Tilskotsordningar

Kommunen vil i framtida ikkje klare å løyse alle samfunnsoppgåver åleine. Frivilligheita har lange tradisjonar, stor kapasitet og er på nesten alle samfunnsområde. Frivilligheita har fritidsaktivitetar for barn og unge, idrett – og kultur opplevingar, opplæring, beredskapsteneste, helse- og omsorgstenester m.m. Frivillig organisasjonar har opparbeida seg solid kunnskap, mykje erfaring og høg grad av tillit hjå innbyggjarane i kommunen. Kommunen vil stimulera til at det blir skapt meir frivillig engasjement for å styrka dei frivillige organisasjonane si rolle, både som nærmiljøbyggar, som ein inkluderande kraft og som bidragsytar i å løyse felles samfunnsutfordringar.

Tiltak - tilskotsordningar	Ansvar
- Kommunen vil gjere informasjon om tilskotsordningar som gjeld frivillig sektor lett tilgjengeleg på kommunen heimeside og i sosiale media.	Kommune
- Kommunen vil revidere kommunale tilskotsordningar for dei frivillige organisasjonane. Søknad- og rapportering skal gjerast så enkelt som mogleg og det skal etablerast tilskotsordning - frie midlar (midlar som organisasjonane kan bruke til det dei vil). Frie midlar er ein føresetnad for at det frivillige engasjementet kan vekse på eigne premissar (dei ti frivilligpolitiske boda).	Kommune
- For å kunne søke om kommunal støtte, må organisasjonane sørge for at opplysningar på kommunen si heimeside er oppdatert og at organisasjonen er registrert i Frivillighetsregisteret.	Lag- og organisasjonar

4.3 Kompetanse

Kommunen vil være ein pådrivar for at aktuelle kurs som bidreg til kompetanseheving blir formidla til lag og organisasjonar.

Tiltak – kompetanse	Ansvar
- Kommunen vil inkludere frivillige organisasjonar i relevante kommunale opplæringstilbod.	Kommune
- Kommunen vil bidra med kompetanseheving på tema etter ønskje frå frivillig sektor.	Kommune
- Kommunen vil i samarbeid med frivillige organisasjonar stimulera til å auka organisasjonane sin kompetanse på marknadsføring, rekrutteringsstrategiar, styrearbeid, medlemspleie og økonomistyring.	Kommune/ Lag- og organisasjonar
- Kommunen skal sikre at tilsette har kompetanse til å ta imot og samarbeide med frivilligheita. Samarbeid med frivilligheita skal vere eit tema på einingsleiarmøta.	Kommune

4.4 Samarbeid om felles interesser i lokalsamfunnet

Kommunen vil leggje til rette for at frivillige organisasjonar som ønskjer å vere ein ressurs, og bidra til å løyse samfunnsoppgåver, kan inngå avtalar om samarbeid.



Tiltak – samarbeid om felles interesser i lokalsamfunnet	Ansvar
- Kommunen vil leggje til rette for at enkeltpersonar som ønskjer å bidra til å løyse samfunnsoppgåver, får moglegheit til å vere ein ressurs.	Kommune
- Kommunen vil inngå samarbeidsavtalar med frivillige organisasjonar for å få til eit samarbeid om aktivitetar der dette er aktuelt.	Kommune/ Lag- og organisasjonar

4.5 Rekruttering

I Luster har me store ressursar blant både unge og pensjonistar, uføre, busette flyktningar og andre innvandrarar i tillegg til dei gruppene som allereie er aktive i frivillig sektor. Samtidig viser forskning at rundt 500.000 nordmenn ønskjer å bidra som frivillig, men er ikkje blitt spurt. Frivillige organisasjonar beskriv rekruttering av frivillige som ein av sine utfordringar.

Tiltak – rekruttering	Ansvar
- Kommunen bidreg med å dele gode historier og prosjekt frå frivilligheita på sosiale media og heimesider.	Kommune
- Kulturpris blir endra til «kultur og frivilligheitspris». Årleg utdeling.	Kommune Politisk
- Friskus Luster blir vidareført som ein viktig kanal for informasjon og rekruttering.	Kommune/ Lag- og organisasjonar
- Einingane bidreg til å rekruttere frivillige til lag og organisasjonar ved å gjere tilboda kjent (flyktningetenesta, vaksenopplæring, oppvekstsektor, helse- og omsorg m.fl.)	Kommune

4.6 Lokale

Tiltak – Lokale	Ansvar
- Kommunen vil arbeide for at frivillige organisasjonar får tilgang til tilpassa og gode lokale.	Kommune
- Kommunen vil, så langt det let seg gjere, legge til rette for at dei frivillige organisasjonane kan bruke lokalitetar i offentlege bygg som skule og andre egna lokal til aktivitetar og møteverksemd.	Kommune



4.7 Oppfølging av erklæringa

Frivillighetserklæringa skal bidra til meir forutsigbarheit og langsiktighet i samhandlinga mellom kommunen og frivillig sektor.

Tiltak – oppfølging av erklæringa	Ansvar
- Erklæringa skal rullerast kvart 4. år og vedtakast av kommunestyret.	Kommune
- Gjere erklæringa kjent i alle aktuelle einingar i kommunen samt drøfte tiltaka på einingsmøta, i tverrfagleg møtefora og liknande.	Kommune
- Gjere erklæringa kjent i eigen organisasjon og komme med innspel i høve aktuelle tiltak/saker til kommunen via frivilligkoordinator	Lag- og organisasjonar
- Erklæringa skal synleggjerast på heimesida til kommunen og i sosiale media.	Kommune
- Informasjon om erklæringa i Ungdommens kommunestyre og råda	Kommune
- Synleggjere og innarbeide erklæringa i nytt planverk og ved rullering av eksisterande planverk.	Kommune